

## Etter bufarvegar i snilt høgjellsterreng



Turen til Primhovda er skilta frå parkerings-plassen rett før hyttefeltet Primhovda Sør på Øvre-Ålsåsen. Dei fyrste 300 meter av turen går etter skiløypetrasen, før den fortsett langs den gamle bufarveg til Låstølen. Etter litt stigning kjem du over fjellbjørkeskogen og utsynet mot «Ålingsfjella» opnar seg.

Lenger opp går du forbi to gamle bogesteller. Desse har vore nytta som skjul under jakt, og viser at dette er eit eldgamalt jaktområde. I skardet mellom Rosengardshovda og Primhovda deler stigen seg, og du fortsett på bufarvegen mot Halle.

På Primhovda må du ta deg tid til å nyte utsynet. Tilbake kan du gå same vegen eller ta deg ein runde på ein av dei mange bufarvegane i området (sjå tur 6.0 Øvre-Ålsåsen fleire turar).


På veg ned igjen er det også fint å ta ein avstikker opp på Rosengardshovda.

I starten av turen, 300 m vest for krysset mellom skiløypa og stigen (sjå kartet), er det sett opp skilt ved ei gamal steinvarp. Dette er ein haug av småstein som vart kasta saman av ferdafolk som har gått forbi. Desse vart til etter ei hending, ofte ei voldeleg som hadde skjedd i området. Folk "ofra" til røysa for å verne seg mot skrømt.


Det er og mange kolframstillingsanlegg (kolgroper) i området. Desse var brukt til å produsere trekol som var viktig for jernframstillinga i jernalderen/middelalderen.





For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet 1:50.000.

 Frå Nedre Ål skule følg Øvre-Ålsvegen (Fv.246) i 4,6 km mot Kvinnegardslia. Frå konteinarplassen køyr mot hyttefeltet Primhovda Sør i 3,3 km. Betalingsbom.

 På venstre side av vegen 250m før hyttefeltet.

 Ca. 6 km t/r frå hyttefeltet. Ca. 1.5 time t/r. 1000-1133 moh.

 Bogesteller, steinvarp og mange kolgroper

 Tur med vidstrakt utsikt i alle himmelretningar, der det meste av turen går over tregrensa.